




Pedagogisk årsplan

FREDHEIM BARNEHAGE

2023/2024

"NORGE RUNDT"



INNHOLD


• Leiaren har ordet.....	4
• Presentasjon Fredheim barnehage.....	6
• Presentasjon av avdelingane.....	8
• Nyttig å veta.....	10
• Visma.....	11
• Faste aktivitetar.....	12
• Personalet på Fredheim.....	13
• Barnegruppa.....	15
• Overgang frå heim - banehage, liten avdeling - stor avdeling og frå barnehage til skule.....	16
• Årshjul overgang barnehage - skule.....	18
• Årshjul barns trivsel.....	19
• Foreldresamarbeid.....	20
• Smart Oppvekst.....	22
• Årets tema	24
• Årets tema knytt til Rammeplan.....	26



• Sosial kompetanse	28
• Språkleg kompetanse.....	30
• Leikesola	31
• Utedagar	33



LEIAREN HAR ORDET



Fredheim barnehage 2023/2024

Fredheim barnehage er sentrumsbarnehagen med gangavstand til biblioteket, aktivitetsparken, VBU-skule, og Vangshallen. Barnehagen inneheld to avdelingar, stor avdeling, Grindagjengen, der det er plass til 32 barn i alderen 3-6 år og minste avdeling, Hugagløtten, med plass til 20 barn i alderen 1-3 år. Me startar hausten med 32 barn på stor avdeling og 14 barn, (16) etter jul på minste avdeling.

Det er med stor glede at Fredheim barnehage startar nytt barnehageår med eit heilt fantastisk fint, nytt, vakkert uteområde, med allsidig og aktiv leik for alle barna . Me gledar oss stort til å ta alle dei nye leikeapparata i bruk. Tusen takk til Vang kommune og politikarane for den flotte satsinga i vår barnehage.

Årets tema vert «Norge rundt», med ei reise i landet vårt.

Fredheim barnehage går frå det «LOKALE» til det «NASJONALE».

Barna får kjennskap til vår nasjonale kulturarv, barnekultur, songar, musikk, og eventyr, der me vil gje barna rikt høve til å verta kjende med våre forfattarar av norsk barnelitteratur.



Dei nasjonale høgtidene, tradisjonane, det fleirkulturelle fellesskapet er viktig formidling til barna.

I tillegg vil landskapet, vårt langstrakte land i vakker natur, med flora og fauna, gje interessante studiar gjennom året.

Vår hovudsatsing er å arbeide styrkebasert med barna. Mangeårige satsing i barnehage og skule med Smart Oppvekst byggjer opp eigenskapane til kvar einskild og gjev dei tru på eigen meistring. I omtala av Smart Oppvekst vil de få meir innsikt i korleis dette tankesettet skal prege barna si utvikling frå tidleg barnehagealder og oppover i skulen.

I tema og fagområda skal barna få rikt høve til å bidra med ynskjer, idear og medverke saman med barnehagepersonalet for trivsel og utvikling av alle utviklingsområdar.

Det er utarbeidd eit manifest mot krenking som skal gjelde for barnehagane i Vang, syner her til planen og omtala i generell årsplan.

I barnehagane i Vang er det naturleg å vera mykje ute med rik tilgang til frisk luft og flott natur. I Fredheim har vi tre utedagar på stor avdeling, og ein utedag på minste avdeling. Barna vert delt inn etter alder og får kvar sine utedagar.

Vi ynskjer at barna skal få gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider. Variert fysisk aktivitet har svært mykje å seia for fysisk helse, psykisk helse, der streke robuste barn herdar seg i eit aktivt uteliv, med god fysisk utvikling.

Foreldra og barnehagen sitt personale har eitt felles ansvar for barna sin trivsel og utvikling. Det daglege samarbeidet mellom heim og barnehage vil byggje på gjensidig respekt, openheit og tillit.

Fredheim barnehage vil i denne årsplanen synleggjera korleis vi vil styrke barna i våre satsingsområde og tema gjennom heile året.

PPT og barnevernet i laget rundt barna er inne i barnehagen i eit nært samarbeid i lågterskeltilbodet. Syner til planen.



Overordna tema for neste barnehageår vert : Reflekterande praksis med kartleggingsverktøy frå PPT v/ Kari G-Språk- relasjonar-refleksjon - inkludering av alle barn i leik. Tema vert felles med HINN i veiledning frå Høgskulen i Innlandet- Hamar. Barnevernet har utarbeidd ein samarbeidsplan for barnehagane i Vang for å sikre barnevernsreformen. Denne samarbeidsavtalen skal beskrive rammene i samarbeidet mellom dei to tjenestane. Målet er at avtalen skal sikre god tverrfagleg samhandling mellom barnevern og barnehagane, slik at barn får naudsynt hjelp og omsorg så tidleg som mogeleg, for god helse og utvikling.

Tidlig innsats og forebygging er nøkkelbegreper, då all forskning viser at utsatte barn som får hjelp på et tidlig tidspunkt, har bedre føresetnad for å klare seg godt seinere i livet.

Det er foreldre eller andre med foreldreansvar som har hovudansvaret for sitt barns oppvekst og omsorg.

Tverrfagleg team sikrar samarbeidet for ein god og trygg oppvekst for alle barna, der tidlig innsats og samarbeid i laget rundt barna skal gje alle ei trygg og god utvikling. Generell årssplan vert revidert og sendt ut til alle foreldre med grunnleggande felles informasjon om barnehagane i Vang. Ta vel imot vår godt faglege underbygde årssplan, der de vil få god innføring i vår satsing til barnas beste. Vel møtt til eit spanande, lærarrikt, engasjerande, trygt og inkluderande barnehageår i Fredheim barnehage. Nasjonalromantikken vil blomstre og få gode vilkår i Fredheim komande barnehageår ☺

Venleg helsing Karin - styrar-



Fredheim barnehage 2023/2024

Barnehagen har to avdelingar:

Grindagjengen: stor avdeling, med 32 barn i alderen 4-6 år frå august-2023.

Skulestarterane-2018 kullet, - Sommerfuglane 2019 kullet, Marihønene 2020 kullet

Hugagløtten: liten avdeling, med 14 barn i alderen 1-3 år, 16 barn frå nyttår -2024

Barna er delt inn etter alderskull gjennom veka i ulike aktivitetar og får kvar sine utedagar.



Adresse

Fredheim barnehage,
Tyinvegen 5124, 2975 Vang i Valdres



Telefon

Kontor: 613 69 490

Grindagjengen: 916 51 849

Hugagløtten: 916 40 836

E-post: karin.troen@vang.kommune.no

PRESENTASJON AV AVDELINGANE:



- Den 3. døra du kjem til, der finn du Hugagløtten. Det er avdelingen med dei aller minste i alderen 1-3 år. Pr no har me 14 barn og frå nyttår vert det til saman 16 barn på avdelinga. Kvar måndag har me utedag, der me kullvis deler oss der nokon er på barnehagens uteområde og resten går tur i nærmiljøet. Utanom dagane med varmmat og utedag vil me ha temadag med tema om det nasjonale. Dette er dagar der me finn på noko i forhold til årets tema som det står meir om i årsplanen. Aktivitetar vert tilpassa aldersgruppa. Eventyr, segn og sang er i stor grad aktuelt for vår avdeling.
- Grindagjengen er namnet på avdelingen for dei som er 3-5 år, og her kjem ein liten presentasjon av oss: Det er 32 barn på stor avdeling, og me gjer mykje artig kan du tru! Me har kvar vår utedag, der turar går i nærmiljøet. Når den eine gruppa er på tur, er det to grupper igjen på avdeling. Nokon gonger er dei som er igjen på huset ilag, andre gonger er gruppene delt. Det er mykje positivt med å kunne samarbeide på tvers, men me ser òg fordelar med å kunne dele oss kullvis. Kvar måndag vert vekas fokusbarn trekt. Dette er eit barn som får litt ekstra arbeidsoppgåver, som å hjelpe til med å skjere frukt, dekke på bordet, ringe i ryddebjella mm. I løpet av barnehageåret skjer det ulike «happeningar», og mange av desse er knytt til alder. For eksempel når barna vert 4, får dei vere med på vesle - vinje, og skulestarterane byrjar med vatntilvenning. På denne måten veit barna at dei har noko å sjå fram til ☺



Fysisk aktivitet: I barnehagen er det lagt til rette for at barna skal få gode erfaringar med friluftsliv og uteliv til ulike årstider. Fysisk aktivitet er avgjerande for å oppleva trivsel, glede og meistring ved allsidig rørsleerfaring. Fysisk helse og psykisk helse har nær samanheng. Barnehagen gjev barna tilgang til varierte og utfordrande rørslemiljø, sanseopplevingar i leik og aktivitetar inne og i eit aktivt uteliv.

Ønskedag: Den store felles suksessen i slutten av veka. Ønskedagen for stor avdeling, på tvers av årskulla held fram på fredagar til stor glede, inndelt i stasjonar, i morosame aktivitetar. Varmmat er fast hygge i ønskedagen.

Skulestartarane: Skulestarterane jobbar med ulike skuleforberedande aktivitetar. Me jobbar med å verte meir sjølvstendig, vise respekt, lytte til kvarandre og ta i mot beskjedar. Dette jobbar me med kvar dag i barnehagen, i alle aldersgruppene, men det er noko me legg ekstra vekt på i skulestarterklubben. Poenget med 5-årsklubben er ikkje å ha "fiks ferdige skulebarn" som både kan lese og rekne når dette året er over, men me jobbar for at overgangen til skulen skal skje på ein positiv måte og at dei skal få eit lite innblikk i kva det vil seie og gå på skulen.

Musikkbarnehage: er eit vellykka tilbod frå kulturskulen som vart etablert for eitt år sidan. Satsinga er meint som inspirasjon til eit aktivt musikkliv i oppvekstmiljøet. Barnehagen har fått tilbod og takka ja tli å fortsetja ein time kvar tysdag komande barnehageår. Inneverande år vert det -19 og -20-kullet som får delta i denne song og musikktimen.

NYTTIG Å VETA

Opningstid:

Kl. 07.00 - 16.45

Levering og henting:

Om barnet/barna vert henta av andre enn foreldra, vil me i barnehagen ha beskjed om dette (helst på sms)

Når foreldra og barna har oppnådd kontakt under henting, ser me på dette som at barnet/barna er henta.

Foreldra har då ansvaret for sitt/sine barn, men barnehagens reglar gjeld fortsatt.

Dette gjeld også på ulike arrangement som vert avholdt i/eller i regi av barnehagen som td. sumaravslutning og julegrantenning



Dagsrytme:

07.00 Barnehagen opnar. Barna vert levert på "sine" avdelingar.

08.30 Frukost for dei som ikkje har ete heime.

(Frukosten vert sendt med frå heime. Når barnet har utedag, skal barnet ha med to separerte matboksar;

(ein til frukost og ein til tur)

Dei som skal ete frukost, må vere på plass på kjøkenet seinast 08.45

så me ynskjer at barna kjem seinast kl. 9.30

10.45 Et dei minste på Hugagløtten

11.30 Et Grindagjengen lunsj, etter lunsj går me ut/søv

14.15 Frukt

16.45 Barnehagen stengjer



**DET ER STRENGT FORBUDT MED PEANØTTER OG PEANØTT-
PRODUKT I FREDHEIM BARNEHAGE!!!
Helst ikke andre nøtter heller.**



VISMA MIN BARNEHAGE:

<https://www.visma.no/barnehagesystem/barnehage-app/>

I barnehagane i Vang brukar me appen som heiter Visma Min barnehage.

Du som føresett kan enkelt kommunisere med oss, og følgje barnas kvardag i barnehagen ☺

Her vil du mellom anna få moglegheit til å:

- Motta og sende meldingar med barnehagen
- Registrere kva slags dagar barnet ditt ikkje skal vere i barnehagen
- Lese dagbok som fortel om barnets små og store opplevingar i barnehagen,
i form av tekst og bildedeling
- Godta eller avslå samtykker
- Motta felles beskjeder med informasjon frå barnehagen
- Sjå når barnet har sove i barnehagen
- Registrere allergiar og medisinar

***Registrerte fråvær skal ikkje endrast. Dersom du legg inn barnet på fri, men ikkje ynskjer fri likevel, må det takast muntleg med barnehagen då dette påverkar bemanning.**

Ved å kommunisere med våre ansatte ynskjer me at dykk KUN gjer dette gjennom Visma, og ellers barnehagens telefonar helst
innafor bhg` s opningstider. Meldingar som vert sendt til oss på visma på kveldstid, vil me svare på dagen etter når
barnehagen opnar att. Ellers ynskjer me sjølvsagt kontakt ved levering/henting ☺



FASTE AKTIVITETAR:

Måndag: Skulestarterklubb

Tysdag: Utedag Skulestarterane -2018 kullet

Musikkbarnehage-2019 og 2020-kullet

Onsdag: Utedag Sommerfuglane -2019 kullet

Varmmat-Hugagløtten

Torsdag: Utedag Marihønene-2020 kullet

Fredag: Ønskedag på-Grindagjengen

Varmmat-Grindagjengen



PERSONALET PÅ FREDHEIM 2023-2024



KARIN



URSZULA




ANETTE



GUNHILD



ANNE



ØYVOR



INGUNN



TONJE



BJØRN ROGER



MELANIJA



GRETE



EMRAN



ANDREA



SARA



MERETE



ANN KRISTIN



THEA KRISTIN




MARYAM

	AVDELING	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG
KARIN	Styrar	Adm.	Adm.	Adm.	Adm.	Adm.
URSZULA	Ped. leiar / Grindagjengen-2018 kullet	X	X	X	X	Planl.tid
ANETTE	Ped.leiar / Grindagjengen-2020 kullet	X	X	X	X	Planl.tid
GUNHILD	Ped. leiar / Grindagjengen-2019 kullet	X	X	X		Planl.tid
ANNE	Spes.ped /Grindagjengen-2018	X		X		X
ØYVOR	Assistent / Grindagjengen-2018 kullet	X	X	X	X	X
BJØRN ROGER	Barne og ungdomsarbeidar / Grindagjengen- 2020	X	X	X	X	X
EMRAN	Barne og ungdomsarbeider / Grindagjengen- 2020	X	X	X	X	
MELANIJA	Spes.pedaog – halv dag månd, tirsdag, halv dag tors og fred / Grindagjengen- 2018-2020	X	x		X	X
INGUNN	Fagarbeider / Grindagjengen-2019 kullet	X	X	X	X	X
GRETE	Fagarbeider/ Grindagjengen -2019/2020 kullet		X		X	X
ANDREA	Ped. leiar / Grindagjengen-2021 kullet	X		X	Planl.tid	X
SARA	Ped.leiar/ Hugagløtten - 2022 kullet	X	X	Planl.tid	X	X
MERETE	Ped.leiar Hugagløtten/Grindagjengen	X	X	X	X	X
ANN KRISTIN	Fagarbeidar /Hugagløtten		X	X	X	X
TONJE	Fagarbeider/ Hugagløtten	X	X	X		X
MARYAM	Assistent/Hugagløtten	X	X	X	X	X
THEA KRISTIN	Barne og ungdomsarbeider / Grindagjengen- haust	X	X	X	X	X
TOR ARNE	Vaktmeister 30 %		X	X		

BARNEGRUPPA


SKOLESTARTERANE



2018

Ella Gjendine,
Elvira,
Olav,
Johannes,
Mia,
Sigrid,
Ada,
Aksel,
Iver,
Tuva,
Dawit,

SOMMERFUGLER



2019

Tor,
Nils Peder,
Luiza,
Ylva,
Leonora,
Jonas,
Sverre,
Husna,
Betiel,
Emilia,
Ewa,

MARIHØNER



2020

Isak,
Anne,
Frida,
Oleksi,
Oliver,
Ea,
Emrik,
Mathea,
Emma,
Henri,

HUGAGLØTTEN



2021

Matheo,
Anton,
Ariana,
Agapi,
Sondre,
Selma,
Jakob,
Nora,

2022

Emrik,
Markus,
Liam,
Mikko,
Henrik,
Heine,
Amalie,
Åsmund

Kva rammeplanen seier om overgang heim - barnehage, minste avdeling til stor avdeling, frå barnehage til skule og korleis me jobbar med dette på Fredheim:

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn. Når barnet begynner i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleve tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.» (r.planen 17:33)

Når barna skal starte i barnehagen, er det noko nytt for barnet, men det er også noko nytt for foreldra. Me er opptekne over at denne overgangen skal verte trygg og fin for både liten og stor.

- Me inviterar nye foreldre til ein besøksdag i forkant
- Me sender ut velkomenbrev, med informasjon om tilsette, rutinar mm.
- Me har ca. 3 tilvenningsdagar, alt etter behov.
-




«Det skjer overgangar i barnehagen òg. Personalet skal sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjende med andre barn og anna personale når eit barn byter barnegruppe.» (r.planen 17:33)

- Me er mykje i lag på uteområdet, der alle i personalgruppa prøver å verte kjende med alle barna.
- Dei eldste barna på Hugagløtten får vere med på ulike «happeningar» på stor avdeling.

God overgang mellom barnehage og skule skal sikrast gjennom dokumentasjon, gjensidig kontakt mellom tilsette og klare rutinar. Overgangen skal vere prega av tryggleik, kontakt og meistring.

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid om tilbodet til dei eldste barna i barnehagen, overgangen til skulen og skulestarten. Barnehagen må ha samtykke frå foreldra for å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen. Dei eldste barna skal få høve til å gle seg til å begynne på skulen og oppleve at det er ein samanheng mellom barnehagen og skulen. Barnehagen skal leggje til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskap og ferdigheter som kan gi dei eit godt grunnlag og god motivasjon for å begynne på skulen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte og møte skulen med nysgjerrigkeit og tru på eigne evner. Barna skal få bli kjende med kva som skjer i skulen og skulefritidsordninga.» (r.planen 17:33) Vang kommune har eit årshjul for overgang barnehage - skule. (Sjå neste side) Dette er for å sikre at både barnehage og skule gjennom heile året har ulike ansvarsoppgåver, som alle går ut på å gjøre overgangen vert best mogleg for barna. I tillegg har skulestarterne:

- Klubb ein gong i veka med ulike skuleforberedande oppgåver. Me jobbar i bøker og har ulike praktiske oppgåver som passar til. Me er på ulike turar/opplegg som er fast kvart år, noko som dei dermed har satt fram mot lenge. Blant anna vatntilvenning og buføring for å nemne noko.



Årshjul, Overgang bhg/skule:

Vang
kommune

Oktober:

Besok av PPT – kartlegge behov for støtte

Oppstart synjing og klatring

Foreldremøte – Fokus skulestartarane og informasjon om opplegg

Ansvar: Pedagog

September:

Vurdere orgnisering av skulestartarane.

Ansvar: pedagogar og styrarar

Observasjon og besök av helsestasjonen ein halv dag i kvar barnehage

Ansvar: Helsesykepleier

Juni-August:

-Brev til 1.klassingane

Ansvar: Rektor

Februar:

Styrar, saman med pedagogar, gjennomgår:

- Informasjon om samtlige born.
- TRAS.
- Alle med

Dersom det er elever som krev ekstra ressursar, skal dette forklaraast i eit notat som leverast Tjenesteleiar skule.

Det skal samtidig lagast eit kort notat dersom det er elever det knytast utfordring/bekymring til. Dette kan være ein utfordring/bekymring knytt til f. eks sosial fungering.

Ansvar: Styrar tek kontakt med andre institusjonar ved behov.

Februar:

Innskriving: annonse i avis med kopi til barnehagane, leggast ut informasjon på kommunen si heimeside.

Ansvar: UK sjef i samråd med rektor.

Februar:

Planleggingsmøte med skule

Ansvar: Styrarar og Rektor

Mars:


Innskriving

Ansvar: Rektor

April/mai/juni:

Skulebesök start min. 4 ganger

Ansvar: Pedagog og inspektor avtalar.



Juni (innan skuleslutt):

Overföringsskjema/samtale

Ansvar: Styrar.

Foresette kan også ta direkte kontakt med skulen for å avtale møte

Maι:

-Foreldremøte

Informasjon om 1.klasse.

Ansvar: Styrar bhg.

Observasjon og besök av helsestasjonen ein halv dag i kvar barnehage

Ansvar: Helsesykepleier

Årshjul, Barns trivsel: Tidlig innsats 2023-2024

2023-2024

- November:**
- Medarbeidersamtalar
- Foreldreundersøkelsen
- Utviklingsarbeid
- Pl.dag

- Oktober:**
- Foreldresamtalar
- Samling for pedagogar og styrarar
- Sjekkliste: Handlingsplan mot mobbing og utanforskap
- Relasjonskartlegging
- Eigenvurdering og refleksjon
- Utviklingsarbeid
- Dialogseminar ReKomp
- Rettleiing av nytilsette.

- September:**
-Foreldremøte i barnehagen
-Felles personalmøte: Tema med HINN
-Fyrstehjelpskurs
-Vernerunde HMS
-Utviklingsarbeid
- Barnesamtalar

- Desember:**
-Utviklingsarbeid

- Januar:**
- Halvårsoppsummering
- Årsmelding
- Felles personalmøte: Tema med HINN
- Utviklingsarbeid
- Pl.dag


- Februar:**
-1.februar søknadsfrist for å索取 barnehageplass
-Utviklingsarbeid

- Mars:**
-Sjekkliste: Handlingsplan mot mobbing og utanforskap.
-Relasjonskartlegging
-Eigenvurdering og refleksjon
-Samling for pedagogar og styrarar.
-Utviklingsarbeid
-Barnesamtalar

- April:**
-Foreldresamtalar
-Felles foreldremøte (skole og barnehage)
-Utviklingsarbeid

- Mai:**
- Samling for pedagogar og styrarar.
-Utviklingsarbeid

Besök av helseøster og PPT i barnehagen kontinuerlig



- August:**
Barnehagen sine pl.dagar.
Tema:
- Smart oppvekst
- Aksjonslæring
- Utviklingsarbeid
- Organisering
- Planlegging
- Ferdigstille årsplan
- Generelle planar

- Juni:**
-Evaluering av barnehageåret.
-Evaluering av Utviklingsarbeid
-Overgangsmøte med skule.
-Pl.dag

FORELDRESAMARBEID

-«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. barnehagelova § 1» (Rammeplanen, 2017, s. 29)

Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast i kvardagen, og utvikle seg. (Rammeplanen, 2017).

Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål

og me skal arbeide saman for at barnet skal ha ein best mogleg kvardag.

Foreldra kjenner barna sine best, mens barnehagen har kjennskap til korleis barna fungerer i ulike settingar i barnhagekvardagen, blant anna korleis dei fungerer saman i grupper med andre barn.

-«Foreldresamarbeidet skal skje både på individnivå, med foreldra til kvart enkelt barn, og på gruppenivå, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet.» (Udir: Veileder «barns trivsel - voksnes ansvar kap. 8)

Me har det uformelle samarbeidet, som er den daglege kontakta ved levering/henting .

Og me har det formelle som er planlagde møter og samtalar.



Ein gjensidig varm og god kommunikasjon mellom foreldre og ansatte i barnehagen har positiv effekt på korleis barna fungerer og trivest i kvardagen. Etablerte og gode relasjoner mellom føresette og dei ansatte gjer det enklare og tryggare å ta opp eventuelle bekymringar eller problem som kan oppstå i barnehagekvardagen (Udir, 2022) Me ynskjer at det skal vere ein låg terskel for å kunne ta opp ting, og dette gjeld begge vegar.

-Ansatte og føresette må arbeide saman for å oppnå eit inkluderande og godt psykososialt miljø som førebygger mistriksel, utryggheit, diskriminering og krenking.

Dei ansatte og føresette må samarbeide i holdningsarbeid og har eit felles ansvar for å støtte og styrke borna.
(Udir, 2022) Foreldre har sitt barn i barnehagen, men i mange settingar må også de tenkje våre barn.

Slik som personalet også må gjere.

For me er alle ein del av eit fellesskap; der me ynskjer kvarandre vel.

Me ynskjer at vårt barn skal verte møtt med respekt,
og for at dei skal verte det, må også andre barn lære korleis dei viser respekt.

Dette kjem blant anna inn under eit tankesett som Vang kommune jobbar med; Smart oppvekst



SMART OPPVEKST - inkluderande praksis

Ein visjon for Fredheim barnehage har vore at me ynskjer robuste barn. Kva legg me i nettopp ordet *robuste..?*

Me ynskjer at barna klarer seg sjølv, samtidig som dei er rusta til å hjelpe andre.

Me ynskjer sjølvstendige barn, som føler seg trygg på seg sjølv og står for eigne meininger, samstundes som dei lærer å respekterer at andre har andre meininger.


Me ynskjer barn som held ut, seier ifrå og kan gjere motstand.

Barna må også ta omsyn til andre, dei må kunne regulere eigne førelsar, og balansere eigen sårbarheit i eit fellesskap med andre.

Eit verktøy i arbeidet med dette, er kommunen si satsing på SMART- oppvekst.

Smart oppvekst skriv på sine heimesider:

«Hvordan kan vi sammen utvikle fellesskap der ALLE opplever inkludering, livsglede, engasjement og håp? Kort forklart handler SMART oppvekst om å sette verdier og prinsipper (styrkefokus, medvirkning, anerkjennelse, relasjoner og trening) i bevegelse for å bygge denne kulturen og dette fellesskapet. Det handler om våre opptredener og handlinger i alle våre mellommenneskelige møter.»
(smartoppvekst.no)



Barna kjem til å møte motstand, det er ein del av livet og er ikkje noko me skal prøve å hindre.

Men me ynskjer å arbeide med korleis barna møter denne motstanden,

og at måten dei vil handtere dette på, vert gjort på ein måte som gjer at dei vil kome styrka ut.



Me har trua på at det ein fokusera på - får me meir av.

Ser me etter det positive i kvardagen, både det som skjer og i menneske me møter,

vil glede, humor og oppmuntring gje større gevinst enn om me berre ser etter det negative.



Smart oppvekst arbeider med 20 eigenskapar, som er eit godt hjelpemiddel i kvardagen. Me ser at dersom ein bruker desse aktivt, at me byggjer opp eigenskapar med styrkebasert fokus retta mot kvarandre, vil også barna ta med seg desse i møte med andre.



ÅRETS TEMA

Årets tema vert "Norge rundt"

Førre barnehage år lærte me om lokal kultur og lokale tradisjonar i Vang.

Årets barnehageår tek me uss ein tur rundt i Norge, for å verta kjende med landet vårt og sjå kva Norge har å by på.

I barnehagen ser me det som ei svært viktig oppgåve å gjera barna kjende med landet me bur i.

Me vil gjera borna oppmerksam på alt som ligg i den norske kulturarven, og alt Norge har å by på, både det gamle og det nye.

«Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda», Rammeplanen, 2017, s. 55.

Me skal ta ei reise gjennom Norges fjell og fjord, daler, vidder, fylker og byer for å sjå, og oppleva norsk natur. Vår oppgåve vert å overføre barnekultur, rim, regler, eventyr, song, og musikk frå Norge.

Norge har store kjelder å ause av når det gjeld eventyr, historier og segn i munnlege og skriftlege kjelder.

Grunnlaget vert lagt tidleg «Vil du lære å forstå den tie du leve i og laga deg ei meinинг um tie so kjem, so må du kjenne som mykji so muleg tå dei tin so ha gange». Sitat «Tore Øy».





Torbjørn Egner (Hakkebakkeskogen) og andre norske
forfattarar

Fjell og fjordar

Eventyr og segn frå Norge

Kjente nordmenn

Forskjellar (Me er alle forskjellige, men like mykje
verdt...)

Busstur (kjøre rundt i Norge)

Klima (kaldt, midnattsol, nordlys, årstider, osv.)

Tradisjonell mat

Dyreliv, skogen, husdyr, havet

Kongefamilien

Musikk og sanger

Skog og vidder

Norge rundt

Byer

Fylker

Dialekter

Blomster



NORGE RUNDT KNYTT TIL RAMMEPLAN (2017)

I barnehagen skal innhaldet vere variert, allsidig og tilpassa kvart enkelt barn og gruppe. Det skal vere rom for at ungane skal få undre, leike, utfalde skaparglede og utforskarkrong (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19). Leik er viktig og det er gjennom leik at ungane lærer. Me som personale skal sørge for at alle ungane får tilhøve til å delta i leik og andre aktivitetar. Leikens eigenverdi skal anerkjennast og skal ha ein sentral plass i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 20). Leik blir derfor ei viktig metode/verktøy for korleis me skal arbeide med dette temaet i år.



Gjennom arbeid med rim, reglar, songar, litteratur og tekstar skal ungane møte ulike dialektar, språk og språkformer. Barna skal erfare ulike måtar å formidle forteljingar og tekstar, som ei kjelde til estetiske opplevingar, refleksjon, kunnskap og i møte med språk og kultur (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 48).

Vi skal gjennom dette barnehageåret fortsette å arbeide med lokal kultur med song, musikk, rim, regler og eventyr. I barnehagen har me kunnskapsrike vaksne som bidreg stort til temaet. Tradisjonar er viktig og dette skal me videreføre til ungane.

Barna skal støttast i å vere aktive og lage sine eigne kulturelle og kunstnariske uttrykk.

Barnehagen skal gi barna moglegheit til å bli kjende med

eit mangfald av tradisjonar og kunst- og kulturuttrykk frå fortid og samtid.

Opplevingar med kunst, kultur og kreativitet er med å legg til rette for tilhørsle, deltaking og eiga skapande arbeid (kunnskapsdepartementet, 2017, s. 50-51).

Landet me bur i oser av både kulturelle og kunstnariske uttrykk og dette skal me bruke som eit verktøy/metode i vårt arbeid.

Eit arbeid med det som er nytt og gammalt av er spennande for både små og store.

I Vang er me tett på naturen noko som me dagleg tek i bruk. Kort veg til fjell og vatn

bidreg til at ungane får mykje læring og opplevingar av det å vere ute. Me skal leggje til rette

for at ungane opplever naturen som ein arena for leik og læring, og at dei får eit mangfald av naturopplevingar.

Ungane skal få kjennskap til naturen og berekraft, lære av naturen og utvikle respekt

og forståing for korleis me saman kan ta vare på naturen. Innafor barnehagens fagområde blir teknologi meir aktuelt. Det er større fokus på arbeid med å gjere seg erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar. For å arbeide med dette skal me leggje til rette for at barna skal vere nysgjerrige på naturvitenskaplege fenomen (kunnskapsdepartementet, 2017, s. 52).



Sosial kompetanse

Utdrag frå barnehagelova §1 og 2


Barnehagen skal:

- Møte barn med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi
- Bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap.
- Fremje demokrati og likestilling, å motarbeide alle former for diskriminering
- Formidle verdiar og kultur, gje rom for barnas eigen kulturskaping og bidra til at alle barna får oppleve glede og meistring i ein sosialt kulturelt fellesskap

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheter, kunnskapar og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne.

Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap.

Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å mestre balansen mellom å dekkje sine eigne behov og ta omsyn til andre sine behov.



Mål og tiltak

Mål: I barnehagane i Vang kommune skal alle barn oppleve glede ved å knyte vennskap.

Personalet skal:

- støtte barnas initiativ til samspel og bidra til at alle kan få leike med andre, oppleve vennskap og lære å halde på venner
- samtale om normer for samhandling og invitere barna til å utforme normer for samhandling i fellesskap
- støtte barna i å ta andre sitt perspektiv, sjå ei sak frå fleire sider og reflektere over eigne og andre sine kjensler, opplevelingar og meningar
- støtte barna i å setje eigne grenser, respektere andre sine grenser og finne løysingar i konfliktsituasjonar
- førebyggje, stoppe og følgje opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster
- Oppmode barn til å trøyste og hjelpe kvarandre
- Bruke "Hjerteprogrammet"
- Legge til rette for variert leik og aktivitet i mindre grupper
- Starte opp med SmART oppvekst hausten 2018



SPRÅKLEG KOMPETANSE

Utdrag frå barnehagelova § 2 og Rammeplanen

Barnehagen skal:

- Sørge for at barna får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og følelsar.
- Ta omsyn til barns alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur

Mål og tiltak:

Mål: Alle barna i barnehagane i Vang kommune skal oppleve eit godt språkstimulerande miljø.

Tiltak:

- Bruke eventyr, rim, regler og song
- Leike med språket saman med barna
- Bruke konkretar for å synleggjere språket
- Gjenta det barnet seier og set ord på handlingar og kjensler
- Ha ein språkressurs som er med på å styrke barn med anna morsmål enn norsk



LEIKESOLA:

Det hender ganske ofte at ein får til svar, «I dag har eg berre leika» når ein spør om kva barna har gjort i barnehagen. Eit barn har ikkje berre leika når det er i barnehagen, det har øvd og lært mykje om det som er illustrert i Leikesola.





UTEDAGAR:



Vogn er eit flott alternativ når me skal gå frå A til B. Men me som jobbar i barnehagen har eit anna ynskje for barna, når me er på tur. Me ynskjer at barna skal få bruke kroppen sin sjølv, då bevegelse ute i naturen er gull verdt når det kjem til stimulering av den motoriske utviklinga. Me vil at barna skal få ha moglegheit til å stoppe opp og sjå på ei bille som kryssar vegen rett ved føtene deira, og ikkje berre trille rett forbi.

Det er for eksempel ikkje søvelbua som nødvendigvis er hovudmålet vårt, men det er turen dit. At me stoppar opp, og at me tek oss tid til å studere det som ligg rett framfor skoen vår. Me ynskjer at 1-2 åringen sjølv skal få bære sekken sin, for å sjå den gleda, kor stolte dei er og kor rette dei går med ryggen er heilt fantastisk.

Men me må ikkje alltid gå så langt, berre å vere på uteområdet utan dei eldste, er ein heilt ny verden for 1-2åringen. Dei kan samtidig føle ein tryggheit med at ikkje alt er heilt ukjent. Me ynskjer at 1-2 åringen sjølv skal få føle seg stor, og gå fyrst opp bakken ved sklia. Ikkje stadig måtte sjå at dei eldste spring forbi. Dersom målet ikkje er oppnåeleg, kan det skape mykje frustrasjon for den som alltid er sist. Me ynskjer at også dei minste kan få vere dei fyrste til å knuse isen som ligg på sølepytten, eller lage sine eigne spor i snøen, før alle andre går der.

Me ynskjer at borna skal få eit positiv forhold til det å vere ute i naturen, og då må me byrje i barnehagen. Når uteområdet i barnehagen gir for lite utfordringar, då må me sjølvsagt bevege oss lengre bort frå barnehagen.

Me er heldige som har bibliotek, fjøs ol i gåavstand frå barnehagen.

Når det kjem til å bevege oss lengre bort frå barnehagen enn at me kan gå, går det på sikkerheita til barna.

Det hjelpt dessverre ikkje om dykk sender med eigne seter,

då desse som regel er for breie til at me får festa dei forsvarleg i drosja/bussen.

Det er og noko som heiter alt til sin tid. Det er bra å ha noko sjå fram til og.

Når det endeleg er tid for femårsklubb, står 4-åringane ved døra og ser på dei eldste går på klubb.

Dei vil gjerne vere med, og dersom ein 4 åring er født først på året: «kan eg vere med i femårsklubb no, eg er 5 år?»

Eit heilt år går dei å gledar seg, tenk den følelsen når den dagen kjem, at det endeleg er dei som får vere med?!

Ein 2-3-åring kan sjå misunneleg på dei eldste som går inn på drosja,

men med kroppsspråket viser dei oss i personalgruppa

kor fort det faktisk går over.

Endeleg har dei barnehagen for seg sjølv,

endeleg er dei størst og kan leike med akkurat det dei vil,

og bruke akkurat den plassen dei vil.

Og er det ein ting som er sikkert, åra går fort! Det er ikkje
lenge før dei minste i barnehagen faktisk er dei aller største...

